



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kyrkjekontoret  
**Dato:** Torsdag 24. mai 2018  
**Tid:** Kl. 19.00 **Merk tida**  
**Møtenr.:** 4/18

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem <b>N.B. Ord for dagen</b>
Terje Havro	Medlem, <u>gjekk før røysting i sak S-30/18</u>
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Fridleif Lydersen	Sokneprest, <u>gjekk før S-30/18 pga. ugild</u>
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant, <u>gjekk etter S-29/18</u>
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

Namn	Funksjon

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem, <u>gjekk før S-31/18 og S-30/18 (ugild)</u>

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



**Sakliste:**

**Saksnr. Tittel**

		<b>Sak for kommunal representant</b>
S-25/18	Kyrkjelydsprest/barne og ungdomsprest orienteringssak	X
S-26/18	Årsplan for kyrkjelyden	X <i>Vert utsett til neste møte!</i>
S-27/18	Referat fra sist møte	X
S-28/18	Meldingssaker	X
S-29/18	Open post	X
S-30/18	Uttale i tilsetjingssak som gjeld sokneprest (vikariat)	<i>Vert flytta etter S-32/18!</i>
S-31/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-32/18	Gudsteneste- offerliste for hausten 2018	

**Sak 25/18: Kyrkjelydsprest/barne og ungdomsprest (vert behandla i lukka møte)**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:**

Nobu Imazu er kalla inn til intervju den 1. juni.

Soknerådet legg mest vekt på trusoppleringa ved tilsetting av ny medarbeidar.

**Vedtak (samrøystes):**

Arbeidsutvalet arbeider vidare med saka og legg den fram for soknerådet 13. juni 2018 med tilråding.

**Sak 26/18: Årsplan / plan for arbeidet i kyrkjelyden**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:**

Saka vert utsett til neste møte.

**Sak 27/18: Referat fra sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 19. april 2018.

**Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:**

Referatet frå møte den 19. april 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelege referatet er å finna på heimesida til Fitjar kyrkje. Denne lenka fører fram til referatet:

<https://kyrkja.no/globalassets/fellesrad/fitjar/diverse/motreferat-s3--19042018.pdf>

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 19. april 2018.

Det er ynskjeleg at alle medlemmene og varamedlemmer som har vore i møtet gjev tilbakemelding på referatet om dei har kommentarar eller ei.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

### Sak 28/18: Meldingssaker

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:**

I møtet blei det orientert om desse sakene:

1. Samrådsmøte på Fitjar Bedehus, evt. nye tiltak  
Det er positiv vilje til samarbeid om årsplan, felles info., om felles gudsteneste, evt felles møte med fokus på dei forfølgde kristne og bønemøte i kyrkja.
2. Gudstenesteutvalet, evt. nye medlemer  
Sigrid M. Fangel ynskjer å trekkja seg som medlem i gudstenesteutvalet, Ho vert erstatta av Terje Havro.
3. Inspirasjonssamling for soknerådet og staben til hausten  
Som ein del av årsplanen ynskjer ein å få tak i ein inspirator til ei samling i veke 37, laurdag 15. september 2018.
4. Sommaravslutning for soknerådet  
**Det vert møte 13. juni i staden for 7. juni kl. 19** og sommaravslutning kl. 20 i Kråko i Sigrid si sjøbu, adr.: Fiskestove nr. 8 i Port Steingard. Innkjøring til høgre rett før kanalen ved PS Bryggekafe og ELØ. Sigrid ordnar grillmat! Ved regn flyttar vi til Rasmus sitt sjøhus.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg

### Sak 29/18: Open post

- Dørmatta v/Helga Olsen Aadland  
Dørmatta på kyrkjetrappa er sund og må skiftast.
- Lydanlegg i kyrkja v/Bodil Nesse  
Eldre klagar over at dei høyrer därleg når presten bruker «myggen» nedanfor lesepulten. Dei høyrer godt frå lesepulten. Må få undersøkt om teleslynga også går gjennom «myggen» eller berre gjennom lesepulten.
- Sorggruppe v/Friedleif Lydersen  
Sorggruppa i Stord ynskjer samarbeid med Fitjar og andre kyrkjelydar om sorggruppe. Det er diakonimedarbeidarene i Stord kyrkjelyd som leiar gruppa. Soknerådet i Fitjar er positiv til eit slikt samarbeid.

### Sak 31/18: Arrangement i kyrkja sin regi

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:**

##### Arrangement som er gjennomført:

- Vårdugnad på kyrkjegarden. Det var få som møtte på dei to annonserte laurdagene. Mogleg ein neste år bør leggja til rette for sjølvbetjent dagnad med ein kontaktperson. Då kan ein komma å gjera dagnad når det passar ein sjølv best.
- Konfirmantfest. Det vart ein flott fest etter gudstenesta i kyrkja kor konfirmantane deltok. Ein vil vurdera saman med konfirmantane når neste års konfirmantfest skal vera. I år var det konfirmantar som ikkje kunne gå i konfirmasjon til slektnigar pga. konfirmantfesten si



## DEN NORSKE KYRKJA

### Fitjar sokn

plassering. Det er positivt at mange frå kyrkjelyden fekk ta del i samtalegudstenesta og det gjev ei nærmere relasjon mellom kyrkjelyden og konfirmantane.

- Konfirmasjon gjekk fint. Det er positivt at ein samlar alle konfirmantar og prestane for fotografering.
- Det var godt oppmøte i kyrkja 17. mai, men presten ynskjer at fleire born hadde delteke i gudstenesta.
- Det vart ei flott friluftsgudteneste 2. pinsedag i fjellet med godt oppmøte.

#### Arrangement som skal gjennomførast:

- Det vert arrangement for trusopplering laurdag. Tema er vatn og båt.
- Diakonituren er dessverre avlyst pga for få påmelde.

### Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

## Sak 32/18: Gudsteneste- og offerliste for hausten 2018

### Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudsteneste- og offerlista for hausten 2018 slik den ligg føre.

### Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:

Soknerådet kom med enkelte merknader til gudteneste- og offerlista. Fridleif meinte at soknerådet hadde fått feil versjon av listene.

### Vedtak (samrøystes):

Soknerådet utsett saka til neste møte.

## Sak 30/18: Uttale i tilsetjingssak som gjeld sokneprest (vert behandla i lukka møte)

Då søknadsfristen for vikariatet som sokneprest i Fitjar gjekk ut var det komme inn tre søknader. Desse var:

1. Árnadóttir, Jarþrúður (29) K Ungdomsleiar 600 Akureyri, Island
2. Lydersen, Fríðleif (41) M Fungerande sokneprest i Fitjar sokn 5414 Stord, Norge
3. Drønen, Roald (64) M Sokneprest Bømlo, 5419 Fitjar, Norge

Fridleif Lydersen og Roald Drønen var kalla inn til intervju på bispedømekontoret den 24. mai.

Soknerådet deltok på intervjuet med to representantar:

Leiar Sigrid Fangel og Rasmus Fitjar, tidligare leiar i fellesrådet i Fitjar

### Framlegg til vedtak:

Vedtak vert utforma i møtet.

### Behandling i Fitjar sokneråd 24. mai 2018:

På bakgrunn av tilsendte søknadspapir, intervjureferat, referansar og drøfting i rådet har soknerådet sett opp ei prioritert uttale. Stemmegjevinga blei gjort som ei vanleg fleirtalsvotering, med votering på nr. 1, 2 og 3 med handsopprekking om prioritering av søkerane. 7 av medlemmene i soknerådet deltok i voteringa.

Soknerådet bad soknerådsleiar Sigrid Fangel, nestleiar Gunnvald Aarbø og Rasmus Fitjar om å skriva ei grunngjeving.

### Vedtak (samrøystes):

Uttale frå soknerådet vert sendt til prosten for vidaresending til tilsetningsrådet i bispedømmerådet.



DEN NORSKE KYRKJA  
Fitjar sokn

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....